

Referat Fagleg Brukarråd Hørsel

Tid: 03.02.2020 kl 1200 - 1400

Stad: Webex

Tilstades:

Brukarrepresentantar: Øyvind Aarud (HLF), Daniel Berget (HLF), Marit Skatvedt (HLF), Elisabeth Frantzen Holte (NDF), Jorunn Liland (NDF) og Bente Lundberg (HHBO)

Frå Statped: Marit Helèn Knudsen, Tone Elisabeth Morsund og Aina Therese Fossum

Forfall: Kristin Fastvold, Bjørn Bakken og Alice Walgermo

Møteleiar: Marit H. Knudsen

Referent: Tone E. Morsund

Saksnr	Sak
	Godkjenning av sakliste
	Faste saker
	Oppfølging av Meld St. 6. (2019-2020) Tett på. Tidlig innsats og inkluderende fellesskap Orientering om omstillingsarbeidet (sjå presentasjon frå KD). <ul style="list-style-type: none">• Det siste møtet i styringsgruppa i KD er gjennomført og mandatet har vore til politisk behandling i KD. Det er venta at mandatet blir formidla til tilsette i Statped på eit allmøte 15.02.21. Mandatet vil vere eit styringssignal for Statped.• Helserapporten er sendt inn til styringsgruppa i KD. Rapporten er ute til open høyring frå HOD, og vil deretter bli politisk behandla i HOD og KD. Brukarorganisasjonane kjem til å sende inn svar på høyringa.
	Utviklingsarbeid Hørsel <u>Elevkurs</u> Orientering om landsdekkande arbeidsgruppe og utviklingsarbeid i Ålesund og Sarpsborg, samt digitale tilbod til ein skilde aldersgrupper våren 2021. <u>Kurs til foreldre til born med nedsett hørsel 3-6 år</u> Den landsdekkande arbeidsgruppa er i slutfasen med å lage e-læringsmodular. E-læringsmodulane lagt ut på Statped.no så snart dei er klare. <u>Lytte- og talerettleiing</u> Arbeidet i den landsdekkande arbeidsgruppa er i startfasen. Fokus i fyrste fase er born frå 0-3 år. Arbeidsgruppa er delt inn i tre undergrupper og har eit tett samarbeid med Siv Hillesøy frå FOU-avdelinga. <u>Se mitt språk</u> Arbeidet med revidering av <i>Se mitt språk</i> har vore sett på vent grunna omorganisering og koronapandemien. Arbeidet er no i gong og det er oppretta eit samarbeid med Lise Kristoffersen i FOU-avdelinga som skal bistå i arbeidet. <i>Brukarorganisasjonane bed om å bli teke aktivt med i dette arbeidet. Statped tek det med seg i vidare arbeid.</i>

	<p><u>Pedagogkurs</u> Kort orientering om arbeidet med landsdekkande arbeidsgrupper og digitale pedagogkurs. Det er oppretta tre arbeidsgrupper, ei for barnehage, ei for grunnskule og ei for vidaregåande. Det vil bli gjennomført digitale pedagogkurs for desse gruppene i løpet av vår og haust 2021. Kursa vil bli lagt ut på statped.no</p>
	Nye saker
	Drøftingssaker
01/21	<p>Brukarmedverknad i Statped Mål- mandat – rolle - forventing</p> <p>I møtet vart det halde ein presentasjon om Brukarmedverknad i Statped med ein påfylgjande dialog (sjå vedlegg).</p> <ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjene som er vedteke gjekk ut i 2020. Det blir ikkje sett i gong eit revideringsarbeid grunna omstillingsprosessen som Statped står i. • Brukarorganisasjonane ynskjer større grad av reell brukarmedverknad inn i utviklingsarbeidet til Statped. Forslaget er å fokusere på eitt eller to utviklingsarbeid der brukarorganisasjonane får tid til å få innspel frå medlemmane og melde tilbake til brukarrådet. Statped tek opp saka i leiarnettverket. • Det kom forslag om at kvart brukarrådsmøte blir avslutta med at ein blir einige om ei tema/arbeid som ein ynskjer å gå meir i djupna på og som blir førebudd til neste møte • Det er ynskjeleg at brukarorganisasjonane blir teke aktivt med inn i arbeidet med universell utforming for born med nedsett hørsel/døve barn. Saka blir fulgt opp på neste møte 18.mars 2021.
02/21	<p>Forelde og barn 2020 – rapport frå ad hoc-utvalet i HLF</p> <p>Marit Skatvedt delte ein presentasjon med målsetjing og konklusjonar frå rapporten frå ad hoc-utvalet i HLF - <i>Foreldre og barn 2020</i> (sjå vedlegg). Målet med å ta rapporten opp i brukarrådet er å informere og dele saker av felles interesse.</p> <p>Det vart berre tid til nokre få innspel. Saka blir teke opp att på neste møte 18.mars 2021.</p>
EVT	<p>Tilbakemelding Nasjonal Brukarkonferanse</p> <p>Mange positive tilbakemeldingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bra konferanse - God informasjon - Særs nøgd <p>Statped får ros for gjennomført konferanse med eit viktig og aktuelt tema.</p>